

Foldrøyhamn 29.08.2014

OPE BREV TIL :

- Sunnhordland Lufthavn AS v/Styreleiar Terje Aksnes
- Stord kommune v/ Ordførar Liv Kari Eskeland
- Hordaland fylkeskommune v/Fylkesordførar Tom Christer Nilsen
- Bergen kommune v/Ordfører Trude Drevland
- Bømlo kommune v/Ordfører Odd Harald Hovland
- Avinor v/Avdelingssjef Aslak Sverdrup
- Statoil v/ Arne Solheim

VEDRØRANDE PLANAR OM TILRETTELEGGJING FOR /FLYTTING AV OFFSHORE HELIKOPTERTRAFIKK FRÅ FLESLAND FLYPLASS TIL SUNNHORDLAND LUFTHAVN, SØRSTOKKEN.

Sidan tidleg dette året har det vore klart at styret og administrasjonen i Sunnhordland Lufthavn AS har arbeid med planar om å leggja til rette for flytting av offshore helikoptertrafikk frå Flesland til Sørstokken. Ein rapport om dette er bestilt og levert, ein rapport som einssidig lovpriser planane og som knapt med eit ord peikar på ulempene for mellom anna etablert busetnad i flyplassens nærleik på Stord og særleg på Bømlo. Heller ikkje bandlegging av område med uakseptabel støy er nemnd i denne rapporten.

Foldrøy Vel har skreve bekymringsbrev til flyplassstyret utan å ha fått formelt svar. Brevet hadde og ei kopiliste tilsvarende adresselista på dette opne brevet. Heller ikkje desse instansane har svara formelt. Ein kan ha mange tankar om ein slik forvaltningspraksis, men vi skal nøya oss med å peika på at det er i strid med lovverket. Me finner det naudsynt å peika på at dette lovverket også femner flyplassstyret sidan flyplassen er 100% offentleg eigd.

Men så til saka. Det kan vera freistande å driva med polemikk krydra med konspirasjonsteoriar, men vi skal her nøya oss med å stilla dei ulike instansane konkrete spørsmål, spørsmål som vi krev like konkrete svar på.

Til Sunnhordland Lufthavn AS v/Styreleiar Terje Aksnes.

Det er kjent at flyplassen på Sørstokken slit med økonomien, og at dei frå år til anna må ha overføringar frå eigarane for å halda hjula i gang. Slik sett er det prisverdig at leiinga ser seg om etter andre marknadssegment. Likevel undrar det oss at ein vel å setja i gang ei utgreiing utan i det heile å drøfta dei ulike fylgjene dette kan få for omgjevnadane. Ennå meir undrar det oss at det firma ein leiger inn for å laga ei utgreiing ikkje nemner ulempene med eit ord.

Spørsmål:

- Er flyplassleiinga kjend med at ein helikopteraktivitet kan medføra byggeforbud og anna bandlegging av store areal i flypassområdet si nærleik og i nabokommunen Bømlo?
- Er flyplassleiinga klar over at ein aktivitet som den dei planlegg vil medføra tiltaksplikt på dei eigedommane som allereide er etablert i støyområdet. Det vil mellom anna medføra at flyplassen må kosta nye vindaugo og vegger på husa i store område. Vi stiller oss undrande til at rapporten ikkje tek med dette.

Til Stord kommune v/ Ordførar Liv Kari Eskeland og

Til Hordaland fylkeskommune v/Fylkesordførar Tom Christer Nilsen

Stord kommune og Hordaland fylkeskommune eig flyplassen og utgjer i kraft av dette Generalforsamlinga i Sunnhordland Lufthavn AS.

Spørsmål:

- Har de som eigarar tenkt å sitja roleg å sjå på at flyplassleiinga planlegg aktivitetar i dette selskapet som medfører store miljømessige ulemper for busetnaden i nærområdet, og som kan påføra flyplasselskapet store lovpålagde kostnader og erstatningskrav?

Bergen kommune er delt i denne saka. Den delen som utgjer næringsinteresser, vil gjerne ha all den aktivitet dei kan få i området rundt Flesland.

Dei som bur i området og som i dag vert plaga av støy, vil gjerne redusera aktiviteten. Det same gjeld dei som har eigedomsinteresser knytt til boligbygging i området. I den samanheng kan ein ikkje unngå å merka seg at styreleiaren i Sunnhordland Lufthavn AS har sentrale verv i fleire slike selskap.

Er ikkje dette samanblanding av rollar?

Spørsmål:

- Kva er det som egentlig ligg til grunn for at Sunnhordland Lufthavn AS vil komma miljø- og eigedomsinteressene i Bergen i møte ved å tilby flytting av støyen til Stord?

Til Bergen kommune v/Ordfører Trude Drevland

Støyproblema knytt til boligområda rundt Flesland har ein turbulent historie. Utgreingar, aksjonar og bekymringsfulle uttalar frå ulike fagpersonar har pynta avisene sine fyrstesider. Dette kuliminerte då den nye helikoptertype Sikorsky S92 blei sett i teneste. I ein rapport utarbeidd av OPUS på oppdrag av m.a. Bergen kommune står det rett ut som løysing på støyproblemet: «*Det alternativet som fleire ganger er blitt lansert, er å etablere base på Stord lufthavn*».

Spørsmål:

- Er Bergen kommune komfortabel med at eit plagsamt miljøproblem berre vert flytta til ein litt perifer nabo?

Til Bømlo kommune v/Ordfører Odd Harald Hovland.

Foldrøy Vel er kjend med at Bømlo kommune har handsama denne saka i politiske fora.

Foldrøy ligg vel til rette for å utvikla seg til ein vital del av den desentraliserte grendestrukturen som kjenneteiknar Bømlo. Ein skal ikkje leggja skjul på at planane på flyplassen er ei mørk sky over bygda si utvikling. Ein reknar med at kommunen ser svært alvorlig på ei mogelig bandlegging av areal og vil gjera det dei kan for å stoppa planane.

Spørsmål:

- Kva vil Bømlo kommune gjera overfor ulike instansar for å få Sunnhordland Lufthavn AS til å skrinlegga desse planane?

Til Avinor v/Avdelingsjef Aslak Sverdrup.

Avinor har hand om all aktivitet knytt til flyplassen på Flesland. Både fly- og helikoptertrafikk bidreg til Avinor sine inntekter.

Spørsmål:

- Har Avinor planar om å bidra til at offshore helikoptertrafikken og dermed deler av Avinor sitt inntektsgrunnlag vert flytta til Stord?

Til Statoil v/Logistikkansvarleg Bergen, Arne Solheim

Ein er også kjend med at spesielt helikoptertrafikken frå sokkelen er krevjande når det gjeld logistikktilbod for vidare distribusjon av reisande. Kjelder i miljøet meiner at 50% av dei som reiser til /frå sokkelen er avhengig av ein rask vidaretransport med utanriks og innanriks flysamband. Resten skal til ulike destinasjonar i Hordaland med hovedtyngda i Bergensregionen.

Spørsmål:

- Ser Statoil det formålstenlig i lys av nærleik til Sandsli-miljøet og ein rask og effektiv transport av sitt personell til sokkelen, at helikopterbasen vert flytta frå Bergen til Stord?

Foldrøy Vel ber om at dei ulike adressatane svarer kort og konsist på spørsmåla og sender svaret til Foldrøy Vel si mailadresse innan 12. september.

Brevet vert også sendt til avisene Sunnhordland., Haugesunds Avis, Bømlo Nytt, Bergens Tidende og Bergensavisen. Dessutan vert brevet lagt ut på facebookside til Foldrøy Vel og «Nei Til Helikopter Flygninger Fra Stord».

Helsing
Styret i Foldrøy Vel

Dag Helge Habbestad
Styreleder
sign

Foldrøy vel Adr: Gjerdsåsveien 24, 5428 Foldrøyhamn

Telefon 53 42 73 72, Mobil 95 23 22 38, e-post jaki@haugnett.no